




SOSIAL- OG HELSEDEPARTEMENTET

Rundskriv I-42/98

Tilleggsrundskriv til rundskriv I-1/93 til lov om sosiale tjenester m v

## Omsorgslønn





SOSIAL- OG HELSEDEPARTEMENTET

Rundskriv I-42/98

Tilleggsrundskriv til rundskriv I-1/93 til lov om sosiale tjenester m.v.

## Omsorgslønn

<b>1 Innleiing</b>	<b>5</b>
<b>2 Grunnprinsipp om omsorgslønn</b>	<b>5</b>
2.1 Kven ordninga omfattar	5
2.2 Om lovreguleringa	5
2.3 Skjønnsmessig heilskapsvurdering	6
2.4 Forsvarleg nivå	7
<b>3 Moment som gjeld tildeling av omsorgslønn</b>	<b>7</b>
3.1 Om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande	8
3.2 Om omsorgsarbeidet gjeld nødvendige omsorgsoppgåver	8
3.3 Om omsorg frå søkeren er det beste for den som treng hjelp	9
3.4 Kommunen sine ressursar	9
<b>4 Moment som gjeld utmåling av omsorgslønn</b>	<b>10</b>
4.1 Timelønn	10
4.2 Talet på timer	11
<b>5 Forholdet til trygderettane</b>	<b>11</b>
5.1 Forholdet til andre ytingar til livsopphald	11
5.2 Forholdet til hjelpestønad til tilsyn og pleie	11
5.3 Forholdet til pensjonspoeng (omsorgspoeng)	12
<b>6 Forholdet til reglar om skatt og arbeidsgivaravgift</b>	<b>12</b>
<b>7 Tilknyttingsforholdet mellom kommunen og omsorgslønnsmottakaren</b>	<b>12</b>

## **1 Innleiing**

Svært mykje hjelp, pleie og tilsyn i heimen blir utført av private omsorgsytarar. På tross av offentlege tenester og støtteordningar er det private omsorgsarbeidet heilt avgjerande i samfunnet sin innsats for dei som treng hjelp og pleie.

Hovudformålet med omsorgslønnsordninga er å bidra til best mogeleg omsorg for dei som treng hjelp i daglelivet og å gjere det mogeleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet.

Ordninga med omsorgslønn blei innført ved lov av 11. juli 1986 nr 55 om endringer i lov av 19. november 1982 nr 66 om helsetjenesten i kommunene. Regelen om omsorgslønn blei med verknad frå 1. januar 1993 flytt til lov om sosiale tjenester m v av 13. desember 1991 nr 81.

Dette rundskrivet erstattar dei særskilde merknadene om omsorgslønn i rundskriv I-1/93 på s 110 – 111, I-1/94 på s 75 og I-46/97 på s 8. Elles gjeld dei generelle merknadene om sosiale tenester og saksbehandlingsreglar i rundskriv I-1/93 og I-1/94. Rundskriv I-8/88 fall bort i og med flyttinga av regelen om omsorgslønn frå kommunehelsetenestelova til sosialtenestelova og blei erstatta av rundskriv I-1/93.

## **2 Grunnprinsipp om omsorgslønn**

### **2.1 Kven ordninga omfattar**

Ordninga gjeld både gifte og andre frivillige omsorgsytarar utan omsorgsplikt og foreldre som har omsorgsplikt for sine mindreårige barn. Det er ingen øvre aldersgrense for å motta omsorgslønn. For å sikre at den som treng omsorg får dekt behova sine, må kommunen i kvart tilfelle vurdere om eldre omsorgsytarar fortsatt er i stand til å gi forsvarleg omsorg.

Omsorgslønn blir gitt til den som har omsorgsarbeidet, ikkje til den som treng omsorg. Likevel har både den som gir og den som treng omsorg rett til å søkje om omsorgslønn og klage på kommunen sitt vedtak i saka. I dette rundskrivet bruker vi omgrepet «søkjaren» om den som gir omsorg for lett å skilje den som gir omsorg frå den som treng omsorg.

### **2.2 Om lovreguleringa**

Regelen om omsorgslønn står i sosialtenestelova § 4-2 bokstav e og lyder slik: «De sosiale tjenester skal omfatte [...] e) lønn til personer med særlig tyngende omsorgsarbeid.»

Kommunane har etter denne regelen plikt til å ha ei ordning med omsorgslønn til dei som har særleg tyngjande omsorgsarbeid, og det må setjast av tilstrekkelege midlar til omsorgslønn på dei kommunale budsjetta. Kommunen kan derfor ikkje

avslå ein søknad om omsorgslønn fordi han ikkje har ei slik ordning eller ikkje har tatt med omsorgslønn i budsjettet sitt.

Regelen om kva rettar ein har til sosiale tenester står i sosialtenestelova § 4-3 og lyder slik: «De som ikke kan dra omsorg for seg selv, eller som er helt avhengig av praktisk eller personlig hjelp for å greie dagliglivets gjøremål, har krav på hjelp etter § 4-2 bokstav a – d.» § 4-3 viser ikkje til § 4-2 bokstav e. Ein har altså ikkje rettskrav på omsorgslønn.

I samband med at regelen om omsorgslønn blei tatt inn i kommunehelsetenestelova sa Stortingets sosialkomite i Innst O nr 56 for 1985-86 (om endringar i kommunehelsetenestelova) på side 5 at «Komiteen mener at kommunen i hvert enkelt tilfelle kan vurdere hvor mange timer som må legges til grunn for betaling for slikt omsorgsarbeid. Komiteen vil derfor påpeke at den enkelte pårørende ikke har en ubetinget rett til lønn som hjemmehjelper. Avtale om lønn er begrenset av at kommunen og den pleietrengende vurderer den pårørendes omsorg som best og nødvendig og at dette ligger innenfor et omfang som hver kommune ser seg økonomisk i stand til. [...] Komiteen peker på at flere kommuner ikke gir pårørende avtale om lønn som hjemmehjelper, selv om slik omsorg er vurdert som nødvendig og ville medført rett til hjelp fra kommunens hjelpeordninger dersom den hjelpetrengende ikke hadde fått pleie av den pårørende.»

I Ot prp nr 29 for 1990-91 (om sosialtenestelova) på side 61 uttalte departementet at «Det gjøres ingen endring når det gjelder retten til å få slik ytelse ved at bestemmelsen flyttes fra kommunehelsetjenesteloven.»

Det er ein høgsterettsdom om omsorgslønn, Tolga-dommen (Rt 1997 s 877). Dommen gjeld direkte omsorgslønnsordninga slik den var etter kommunehelsetenestelova, men den gir og grunnlag for tolkinga av dagens reglar.

### **2.3 Skjønnsmessig heilskapsvurdering**

Det er kommunen som avgjer om han skal gi omsorgslønn til dei som søker og kor høg omsorgslønna skal vere. Sidan omsorgslønn ikkje er ein rett på lik linje med andre sosiale tenester, er det noko større rom for kommunalt skjønn når det gjeld omsorgslønn enn når det gjeld andre tenester.

Både omsorgslønn og avlasting er ordninger som skal leggje til rette for privat omsorgsarbeid frå pårørande og andre der dette blir rekna som det beste for brukaren.

Når det skal vurderast om kommunen skal tilby omsorgslønn, skal det skje ei brei skjønnsmessig heilskapsvurdering der omsorgslønn blir sett i samanheng med andre pleie- og omsorgstenester. Å finne den mest formålstenlege fordelinga mellom omsorgslønn og andre tenester frå kommunen, krev grundig kjennskap til tilhøva i den aktuelle saka. I Tolga-dommen uttalte Høgsterett følgjande: «Det er også naturlig å se de ulike tjenestene i sammenheng. Alle har sin bakgrunn i at det foreligger et behov for helsehjelp. [...] Tilståelse av omsorgslønn ville da måtte bero på en bredt anlagt vurdering, der tyngden av omsorgsarbeidet og kommunens

økonomi ville være de mest sentrale faktorer. [...] Jeg understreker at det skulle foretas en bred vurdering, ikke bare et regnestykke der fordelingen av omsorgsarbeidet mellom foreldrene og kommunen var de avgjørende faktorer.»

## 2.4 Forsvarleg nivå

Dei som er avhengige av hjelp for å klare seg i daglelivet, har krav på nødvendige tenester. Det er ikkje mogeleg å angi presist kor omfattande denne hjelpa skal vere, men den må ligge på eit forsvarleg nivå i forhold til dei behova som skal dekkjast. Dette er lagt til grunn av departementet i tolkinga av sosialtenestelova i rundskriv I-1/93 s 112. Det er også slått fast i Fusa-dommen (Rt 1990 s 874) at tenestetilbodet skal tilfredsstille «helt livsviktige behov for stell og pleie».

Eit tenestetilbod som samla sett ikkje dekkjer behova til den som treng omsorg vil vere i strid med dette kravet. Dette gjeld og dersom det er søkt om omsorgslønn og det totale tenestetilbodet ikkje ligg på eit forsvarleg nivå. Kommunen må vurdere dei omsyna som talar for og mot ulike løysingar og vege dei ulike omsyna mot kvarandre. I vurderinga har kommunen plikt til å utøve eit rimeleg skjønn der alle moment blir sett i samanheng. I dei tilfella der skjønnet er «åpenbart urimelig» kan det bli overprøvd av fylkesmannen etter sosialtenestelova § 8-7.

## 3 Moment som gjeld tildeling av omsorgslønn

Når kommunen skal vurdere om han skal tilby omsorgslønn til søkeren, er det mange moment som er relevante:

- Om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande.
- Om omsorgsarbeidet gjeld nødvendige omsorgsoppgåver.
- Om omsorg frå søkeren er det beste for den som treng hjelp.
- Kommunen sine ressursar.

Dei momenta som er lista opp her er dei viktigaste, men andre moment kan og tale for eller mot å tilby omsorgslønn. Dei momenta som er lista opp er ikkje vilkår for å få omsorgslønn. Kommunen kan derfor velje å tilby omsorgslønn sjølv om ingen eller berre få av momenta ligg føre i den saka det gjeld.

Når det gjeld saksbehandlinga i saker om omsorgslønn gjeld forvaltningslova med dei særreglane som er fastsett i sosialtenestelova kapittel 8. Vi viser og til rundskriv I-0719 B Veileder for saksbehandlingen av sosiale tjenester.

Kommunen skal vurdere kvar søknad om omsorgslønn individuelt og treffe enkeltvedtak i saka. Nedanfor vert rammene for skjønnsvurderinga og dei ulike momenta som kommunen må vurdere utdjupa.

Etter forvaltningslova § 24 skal enkeltvedtak som hovudregel ha grunngiving. Det er ein føresetnad at det går fram kva kommunen har lagt vekt på i den skjønnsmessige vurderinga av søknaden.

Nokre moment kan vere aktuelle både når det gjeld tildeling og utmåling av omsorgslønn. Det kan derfor hende at den inndelinga som er valt i rundskrivet ikkje gir god rettleiing i alle saker.

### **3.1 Om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande**

Det at omsorgsarbeidet er særleg tyngjande er eit tungt moment i vurderinga av om kommunen skal tilby omsorgslønn. Omsorgsarbeidet må ha eit visst omfang for at det skal bli rekna som særleg tyngjande. Det er mange faktorar som det kan leggjast vekt på når ein skal vurdere om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande:

- Om søkeren arbeider mange timer per månad. Det er ikkje mogeleg å fastsetje ei bestemt grense for kor mange timer som skal til.
- Om omsorgsarbeidet er meir fysisk eller psykisk belastande enn vanleg.
- Om omsorgsarbeidet inneber mykje nattarbeid eller avbrot i nattesøvnen.
- Korleis omsorgsarbeidet er fordelt over tid, om det skjer i periodar eller heile tida.
- Om omsorgsarbeidet har vart eller er forventa å vare i lang tid.
- Om omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid.
- Om søkeren har omsorg for meir enn ein person.
- Om søkeren har omsorgsplikt. Foreldre har omsorgsplikt for sine mindreårige barn. Elles har ingen rettsleg plikt til å ta på seg omsorgsarbeid for andre. Sidan foreldre har omsorgsplikt for sine mindreårige barn, vil det berre vere aktuelt med omsorgslønn dersom omsorga klart overstig vanleg omsorg for barn på same alder. For å klarleggje kva for omsorgsoppgåver som normalt må ventast på forskjellige alderstrinn, kan det vere aktuelt å spørje fagpersonar om barns oppvekst og utvikling, til dømes ved helsestasjon, barnehage eller skole.
- Om søkeren har inntektstap, det vil seie om omsorgsarbeidet fører til at søkeren må slutte i sitt vanlege arbeid, må arbeide mindre enn før eller ikkje kan begynne i ei vanleg stilling. Inntektstap er ikkje noko vilkår for å få omsorgslønn. Omsorgsarbeidet kan vere særleg tyngjande sjølv om søkeren ikkje har inntektstap. Det gir derfor ikkje grunn til å avslå ein søknad om omsorgslønn at søkeren har inntektsgivande arbeid ved sida av omsorgsarbeidet eller trygd frå folketrygda. På den andre sida er inntektstap ofte eit teikn på at omsorgsarbeidet er særleg tyngjande. Kommunen skal elles ikkje ta omsyn til økonomien til søkeren i vurderinga av ein søknad om omsorgslønn. Kommunen skal heller ikkje ta omsyn til økonomien til den som treng omsorg i vurderinga av om han skal tilby omsorgslønn.

### **3.2 Om omsorgsarbeidet gjeld nødvendige omsorgsoppgåver**

Dersom den som mottar omsorga fyller vilkåra i sosialtenestelova § 4-3, det vil seie at vedkommande «ikke kan dra omsorg for seg selv eller er helt avhengig av praktisk eller personlig hjelp for å greie dagliglivets gjøremål», har vedkommande krav på tenester frå kommunen. Det er i desse tilfella nødvendig at den som treng omsorg får hjelp. Vurderingstemaet i desse tilfella er derfor ikkje om vedkommande skal få tenester, men kva form tenestene skal ha.

Det er ikkje alle former for omsorgsarbeid som bør gi grunnlag for omsorgslønn. Det bør vere ein føresetnad at søkeren utfører omsorgsarbeid som elles ville høre

under helse- eller sosialtenesta i kommunen. Omsorgsarbeid som det bør gis omsorgslønn for, er til dømes hjelp til personleg pleie som kroppsvask og mating, nødvendig hjelp til praktiske oppgåver som innkjøp, matlaging og reingjering og generelt tilsyn.

### **3.3 Om omsorg frå søkeren er det beste for den som treng hjelp**

Eit av formåla med sosialtenestelova er at brukarane skal få eit samla tenestetilbod som på beste måte dekkjer dei behova dei har. Det er derfor ein føresetnad for å tilby omsorgslønn at dette er det beste alternativet for den som treng omsorg. Sosalkomiteen slo dette fast i Innst O nr 56 for 1985-86 (om endringar i kommunehelsetenestelova) på side 5 at «Avtale om lønn er begrenset av at kommunen og den pleietrengende vurderer den pårørendes omsorg som best og nødvendig [...].».

Omsorgslønn vil i ein del tilfelle vere den tenesteforma som er best egsna, anten som einaste teneste eller kombinert med andre tenester.

Det er eit grunnleggjande prinsipp, jf barnelova § 30, at barn skal vekse opp hos sine foreldre, dersom dette er mogeleg. Eit av formåla med sosialtenestelova er å «bidra til at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig», jf § 1-1 bokstav b. Omsorgslønn kan i mange tilfelle bidra til at barn med omfattande funksjonshemmingar kan få mest mogeleg hjelp frå foreldra, og dermed til at familien blir mindre avhengig av hjelp frå kommunale tenesteytarar.

Kommunen må sørge for at den som treng omsorga seier om han eller ho meiner omsorg frå søkeren er det beste. Dersom den som treng omsorga ikkje kan gi uttrykk for meiningsa si, må kommunen hente inn meiningsa til verje eller hjelpeverje.

Vi vil i samband med dette peike på at kommunen har plikt til å leggje stor vekt på kva den som treng omsorga meiner om tenestetilboden, sjå sosialtenestelova § 8-4. Det kan vere eit avgjerande moment for å tilby omsorgslønn at han eller ho meiner det er best at søkeren gir omsorga.

Kommunen må og sjølv vurdere om søkeren sin omsorg er best. Vurderinga må gjerast på ein fagleg forsvarleg måte der alle relevante moment blir vurdert.

Det er særleg viktig å sjå på kva som er alternativa til at søkeren gir omsorga. Dette kan vere til dømes at kommunen tilbyr plass i institusjon/bustad med heildøgns omsorgstenester, heimesjukepleie, praktisk bistand og opplæring eller avlastning. Det vil ofte vere aktuelt med ein kombinasjon av dei ulike tenestetypene, der omsorgslønn inngår som ein av tenestetypene. Dersom kommunen vel å gi andre tenester i staden for eller i tillegg til omsorgslønn, må dette gå fram av vedtaket.

### **3.4 Kommunen sine ressursar**

Kommunen har plikt til å setje av realistiske midlar til omsorgslønn på budsjettet sitt, og kan ikkje avslå ein søknad om omsorgslønn fordi dette ikkje er gjort. Likevel

kan kommunen leggje ei viss vekt på sin eigen økonomi i vurderinga av om han skal tilby omsorgslønn.

Som nemnt vil det for personar som har krav på tenester etter § 4-3 ikkje vere spørsmål om kommunen skal yte tenester, men om kva for tenesteform som skal veljast. I valet mellom tenesteformene kan kommunen ta omsyn til kva som økonomisk sett er mest formålstenleg.

Departementet er kjend med at nokre kommunar sett eit tak for kor høg omsorgslønna kan vere. Departementet vil understreke at kvar enkelt søknad skal avgjerast etter ei individuell skjønnsmessig heilskapsvurdering der omsorgslønn blir sett i samanheng med andre pleie- og omsorgstenester.

## 4 Moment som gjeld utmåling av omsorgslønn

Når det er bestemt at søkeren skal få omsorgslønn må det avgjerast kor mykje han eller ho skal få.

Da regelen om omsorgslønn blei vedteke uttalte Sosialkomiteen i Innst O nr 56 for 1985-86 at «det er viktig at det ytes lønn til familiepleiere som hjemmehjelpere» og at «kommunen i hvert enkelt tilfelle kan vurdere hvor mange timer som må legges til grunn for betaling for slikt omsorgsarbeid».

Eit av formåla med omsorgslønnsordninga er å gi ei godtgjering til dei som utfører pleie- og omsorgsarbeid for nærståande og å leggje til rette for at slikt privat omsorgsarbeid skal kunne fortsetje. Omsorgslønnsordninga tar ikkje sikte på å gi dei som har tyngjande omsorgsarbeid full lønn for kvar time dei arbeider.

Det er lagt til grunn både i forarbeida til regelen og i Tolga-dommen at det skal gjerast ei skjønnsmessig vurdering og når det gjeld utmåling av omsorgslønn. I Tolga-dommen uttaler Högsterett at «det skulle foretas en bred vurdering, ikke bare et regnestykke der fordelingen av omsorgsarbeidet mellom foreldrene og kommunen var de avgjørende faktorer».

Dei viktigaste faktorane i vurderinga er kva for timelønn som skal leggjast til grunn og for kor mange timer kommunen skal gi omsorgslønn.

### 4.1 Timelønn

Det er vanleg at kommunane fastset timelønna til dei som får omsorgslønn likt som timelønna til heimehjelparar. Dette er i samsvar med Sosialkomiteen si utsegn, slik vi tolkar den.

Ofte blir dei som får omsorgslønn plassert i det lågaste lønnstrinnet for heimehjelparar. Vi rår til at kommunane fastset høgare timelønn dersom det er grunn til det, til dømes dersom søkeren har utdanning som gjer vedkommande

spesielt kvalifisert til å ha slikt omsorgsarbeid eller kommunen ikkje gir søkeren ein arbeidsavtale, men i staden ein oppdragsavtale.

#### **4.2 Talet på timer**

Kommunane kan sjølv avgjere kor mange timer dei skal gi omsorgslønn for. Dette skal fastsetjast etter ei individuell vurdering. Utgangspunktet i vurderinga er kor mange timer søkeren utfører «særlig tyngende omsorgsarbeid», jf ordlyden i lova og punkt 3.1 Om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande. For personar som ikkje har omsorgsplikt vil dette være omsorgsarbeid som overstig det som det er rimeleg å forvente, mens det for foreldre til funksjonshemma, mindreårige barn vil være omsorgsarbeid som klart overstig vanlege omsorgspliktoppgåver. Det kan ikkje leggjast til grunn at søkeren må gi heildøgns pleie for å få full omsorgslønn.

### **5 Forholdet til trygderettane**

#### **5.1 Forholdet til andre ytingar til livsopphald**

Ein del av dei som har særleg tyngjande omsorgsarbeid får ytingar til livsopphald frå folketrygda. Det reiser seg enkelte særspørsmål når det gjeld utmåling av omsorgslønn til desse gruppene.

Det kan gjelde avkortingsreglar etter trygdereglane for dei som mottar omsorgslønn, på same måte som for dei som har anna arbeidsinntekt. Døme på dette er alderstrygd til dei som er mellom 67 og 70 år, uføretrygd, arbeidsløysetrygd og overgangsstønad. I desse tilfella er det altså trygda som blir avkorta og ikkje omsorgslønna, jf det som er sagt under punkt 3.1 om at det ikkje skal takast omsyn til søkeren sin økonomi ved tildeling av omsorgslønn.

#### **5.2 Forholdet til hjelpestønad til tilsyn og pleie**

Som nemnt under punkt 3.1 skal kommunen ikkje ta omsyn til økonomien til den som treng omsorg, i vurderinga av om han skal tilby omsorgslønn.

Nokre særspørsmål oppstår med omsyn til forholdet til hjelpestønad til tilsyn og pleie frå folketrygda. Hjelpestønad til tilsyn og pleie er meint å skulle gå til dekning av utgifter til privat hjelp.

Dersom den som treng omsorg får hjelpestønad til tilsyn og pleie, kan kommunen ta omsyn til dette ved utmålinga av omsorgslønn. Verken hjelpestønad eller omsorgslønn vil vanlegvis gi full betaling for det omsorgsarbeidet søkeren faktisk utfører. Kommunen bør ikkje avkorte omsorgslønna med mindre omsorgslønna og hjelpestønaden til saman overstig det som er rimeleg å betale for omsorgsarbeidet.

Dersom det ikkje er søkt om hjelpestønad til tilsyn og pleie, kan kommunen krevje at den som treng omsorg søker om slik stønad før søknaden om omsorgslønn blir behandla. Når vedkommande har søkt om hjelpestønad, skal kommunen behandle

søknaden om omsorgslønn på vanleg måte. Kommunen kan ikkje vente til søknaden om hjelpestønad er behandla.

I dei tilfella der det er søkt om hjelpestønad, men søknaden ikkje er ferdigbehandla, kan kommunen la det gå fram av vedtaket om omsorgslønn at det kan bli endra dersom hjelpestønad blir innvilga. Departementet legg til grunn at eit positivt vedtak om hjelpestønad i mange tilfelle vil gi grunnlag for å gjere om vedtaket om omsorgslønn for framtida etter alminnelege forvaltningsrettslege reglar, jf forvaltningslova § 35 siste ledd. Det er ikkje heimel for å krevje tilbakebetaling av delar av omsorgslønna i etterbetalt hjelpestønad, det vil seie hjelpestønad som blir gitt for tida frå søknadstidspunktet og til vedtaket om hjelpestønad er fatta.

### **5.3 Forholdet til pensjonspoeng (omsorgspoeng)**

Den som utfører omsorgsarbeid kan etter reglane i folketrygdlova § 3-16 få 3,00 pensjonspoeng (omsorgspoeng) i folketrygda. Dette gjeld anten vedkommande får omsorgslønn eller ikkje. Desse 3,00 pensjonspoenga kjem ikkje i tillegg til pensjonspoeng på grunnlag av pensjonsgivande inntekt, men skal sikre at dei som i ein periode har vore ute av arbeidslivet som følgje av omsorgsoppgåver får pensjonspoeng. Krav om omsorgspoeng skal setjast fram for trygdekontoret. Nærare reglar og retningslinjer om ordninga finst i Rikstrygdeverket sitt rundskriv til folketrygdlova kapittel 3 side 101-114.

## **6 Forholdet til reglar om skatt og arbeidsgivaravgift**

Omsorgslønn blir rekna som inntekt etter skattelova. Mottakaren skal derfor betale skatt av lønna.

Kommunen skal betale arbeidsgivaravgift etter folketrygdlova for personar som får omsorgslønn.

## **7 Tilknyttingsforholdet mellom kommunen og omsorgslønnsmottakaren**

Eit viktig spørsmål når det gjeld omsorgslønn har vore om avtalen mellom kommunen og omsorgsytaren skulle vere eit arbeidstakarforhold eller eit oppdragstakarforhold. I omtalen av dette spørsmålet i rundskriv I-1/93 opna departementet for begge løysingar når det gjeld tilknyttingsforholdet, men tilrådde av omsyn til omsorgslønnsmottakarane at ein valte arbeidstakarforhold.

Departementet har etter nøyre vurdering funne grunnlag for å endre denne tilrådinga, mellom anna fordi den nye regelen i arbeidsmiljølova § 58 A sett forbod mot mellombels tilsetjing. Føresetnadene for eit omsorgslønnsforhold, der tilsetjingsforholdet må kunne avviklast eller endrast når omsorgsbehovet fell bort,

vil kunne komme i strid med dette forbodet. Departementet rår derfor til at partane når dei skal inngå avtalar i framtida vel eit oppdragstakarforhold.

Kva for eit tilknyttingsforhold som gjeld mellom kommunen og omsorgsytaren er ikkje ein del av enkeltvedtaket om omsorgslønn, og kan derfor ikkje klagast inn for fylkesmannen. Som det går fram av punkt 4 er det storleiken på omsorgslønna som skal fastsetjast i vedtaket. Dei viktigaste faktorane i utmålinga av omsorgslønna er timelønn og talet på timer. Kommunen og omsorgsytaren må i tillegg til vedtaket inngå avtale om kva for eit tilknyttingsforhold som skal gjelde mellom dei.

I eit oppdragstakarforhold er det viktig å leggje til rette for at omsorgsytaren sikrast ferie ved at kommunen tilbyr avlasting. I staden for feriepengar er det og mogeleg å la omsorgslønna løpe som vanleg i den tida vedkommande får avlasting. Ved utmålinga av omsorgslønna bør det og takast omsyn til at oppdragstakarar ikkje har rett til sjukepengar for dei to første vekene dei er sjuke. For å få sjukepengar frå første sjukedag må dei teikne forsikring for tilleggssjukepengar. Kommunen må sørge for at den som treng omsorg får eit forsvarleg tenestetilbod dersom omsorgsytaren i ein periode er sjuk.

Utgitt av:  
Sosial- og helsedepartementet

Dokumentet finnes på internettadresse:  
<http://www.dep.no/sos/norsk/publ/rundskriv/030081-990006/index-doc000-b-na.html>

Offentlige institusjoner kan bestille flere  
eksemplarer fra Statens trykksaksekspedisjon  
enten elektronisk eller per telefaks.  
E-post: [ste-bestilling@ft.dep.telemail.no](mailto:ste-bestilling@ft.dep.telemail.no)  
Telefaks: 22 24 27 86

Oppgi rundskrivsnummer I-42/98

Falch AS - 5000 - 05/02